

«Å LÆRA MED Å GJERA»

Aktivitetsplan for barn og vaksne

Jæren er eit av dei viktigaste og mest intensive jordbruksområda i landet. Jordbruk og landbruksbasert industri er framleis ei hovudnæring i denne landsdelen. Likevel er det mange barn og ungdommar som veks opp i byar og tettstader i regionen som har eit fjernt forhold til jordbruk og dyrehald. Jærmuseet ligg dessutan i eit område med rike fornminne som nå blir lagt tilrette som kulturminne og friluftsområde.

Born og ungdom er ei viktig målgruppe for museet. Korleis skal så museet formidla historia og auka kjennskapen og kunnskapen om jordbruket til barn og unge?


For at borna skal forstå korleis arbeidet på ein gard blir utført, korleis reiskap og maskinar fungerer, korleis dyr og planter må stellast og korleis maten vår blir til, meiner me det beste er å visa gardsarbeid i praksis. Der det er muleg bør borna sjølve delta i forskjellige aktivitetar. Gjennom arbeid og lek skal borna få med seg både enkel jordbrukskunnskap og noko historieundervising om livet på garden «før i tida». Dette er og målsetjingar som blir delte av organisasjonen 4H. Sidan den første aktivitetsdagen på Kvia i 1991 har Jærmuseet, Rogaland 4H og lokale 4H-klubbar samarbeidd om publikumsarrangement på «Jærmuseet-Kvia 4H-gard».

I 1993 fekk museet midlar av Norsk Museumsutvikling til å utarbeida ein aktivitetsplan for skular og barnehagar. 4H-instruktør og prosjektleiar for Jærmuseet-Kvia 4H-gard, Oddvar B. Høyland, blei engasjert til arbeidet. Han hadde med seg ei arbeidsgruppe med følgjande samarbeidspartar: Skulekontoret i Hå kommune, Aud Irene Bjørløw, Bø skule og Jon Våland, Motland skule. I det følgjande skal me presentera opplegget.

Ein vart samde om å fylgja årstidene og onnene i jordbruket i utviklinga av opplegget. Det vart utarbeidd opplegg for to ulike alderstrinn: 0–3.klasse og 4.–6.klasse. Orstad barnehage hadde hatt eit jordstykke på garden og erfaringane frå det arbeidet var viktig for det vidare arbeidet. Museet hadde også gjennomført eit samarbeid med Bø skule, 4.–6.klasse, i samband med prosjektet «Styrking av det kulturelle innhaldet i en utvida skuledag». Her hadde ein også vunne god erfaring å byggja vidare på.

Det var først i 1993 at museet opna garden for besøk av skular og barnehagar i større omfang, men heilt sidan 1991 har Jærmuseet, saman med Rogaland 4H og lokale 4H-klubbar arrangert opne publikumsdagar.


Aktivitetsdagane tar og oftast utgangspunkt i onnearbeidet, og me demonstrerer korleis arbeidsmåtar, reiskapar og maskinar har endra seg dei siste mannsaldrane.



6. klasse på Bø skule, Nærbø trivest på museet. Her har dei vagla seg i høystaden. Å hoppa i høyet er siste post på dagens program.

Oddvar B. Høyland og Bjørg Sandve Tjøtta tek imot både vaksne og barn. Dei har begge to erfaring som leiarar og instruktørar frå 4H.

Skuleklassane frå Nærbø sykklar gjerne til museet. Dei som kjem lenger vekke frå, tek toget og blir henta på stasjonen med hest og vogn. Det er populært å køyra dei snaue dei kilometrane.



Vårvinna

Pløyinga er eit sikkert vårteikn. Her får elevar og besøkjande sjå korleis ulike teknikkar vert nytta til å snu jorda. Her vert det demonstrert korleis ein vender jorda med spade.



Å setja frø i drivbenk i mars gjev ferdige planter nokre veker seinare. Då må ein til med pløying, harving, steinhenting og gjødsling. Så kjem det spanande, har det vorte noko av dei frøa som me sådde tidlegare, og er plantene klar til utplanting? Denne gongen gjekk det bra, og ivrige barnehender er med på å planta sine første kålplanter.






Slåttonn

Å hesja var ofte eit arbeid som tok noko tid. Når ein har aktivtetsdag og mange hjelpande hender vert hesja snart ferdig. Som ein far sa det etter ein slåttedag: «Eg har vore her heile dagen og ungane har arbeidd, kosa seg, og ikkje spurt om is ein einaste gong, medan eg har slappa av med å sjå på.»

Kor mange er det ikkje som hugsar når dei låg på høykjerra og såg på himmelen ovanfor? Ungar på besøk får og vera med på denne opplevinga.



Korn

Å slipa sigden var ofte eit arbeid der dei unge sveiv på slipesteinen, medan dei vaksne stod for slipinga. Det er mange som ennå hugsar korleis me skulle sveiva for å halda rette farten, og kor lei ein vart etter ei tid. Her syner Bjørg S. Tjøtta elevvar på besøk korleis dette vart gjort.

Å laga bendel er ikkje lett for dei unge. Men med god hjelp av Sverre Skjæveland kan dei læra korleis bendlane vart laga, og brukt til å halda ein kornbunde saman. Å laga bendel er ikkje lett å gløyma for dei som har laga bendlar tidlegare. «Det ligg i hendene» sa kona som ikkje hadde gjort dette arbeidet på nærare 30 år.







Sauen

Dei fleste unge i dag veit ikkje forskjell på søye, vør og lam. Her er to fine eksemplar: ei søye og eit lam.

Ulla gjev oss gode og varme klede og her får ein sjå korleis Per O. Bø gjer når han klypper sauer.

Målfrid Grimstvedt syner her korleis ein fargar garnet sjølv med planter og mose som veks på garden.




Potetdyrking

Den beste måten for dei unge å læra korleis ein set potet, er å vera med på arbeidet. Her nyttar ein seg av hest og Troll hyppeutstyr. Potetene ligg i kassen, klare til setting. Nils Njå og Terje O. Bø er to av mange frivillege hjelparar som er med på å ta eit tak når det er aktivitetsdagar.




For dei større kan det vera meir spanande i sitja bakpå ein gammal Ferguson med ein Underhaug potetsetjar. Her gjeld det å passa på at fingrane ikkje set seg fast.



Dyra på garden


Det er ikkje få ungar som i løpet av sommaren har vært med på å jaga inn kyrne, fått sjå, smaka og lukta på nysilt mjølk. «For ei lukt» seier barna når dei skal inn i grishuset, men dyra er svært populære likevel. Det er mange barnehagar som kjem på besøk berre for å møte dyra våre. Gjessene er gode vakthundar, og varslar når det kjem folk til gards. Dei var umulege å klappa når dei hadde ruga fram gåsungane. Det er og liv og røra når Jærhanen syner kven som er sjef i hønsarhuset.



Samarbeid

Eit godt samarbeid med lag og organisasjonar, og bedrifter er viktig for gjennomføringa av ulike arrangement. I mai hadde me hjelp av Jæren Husflidlag med opplegget «Jeg gikk en tur på stien». Det samla nærare 1000 besøkande. Her lærer dei korleis ein lagar kostar av bjørnemose.

For å få sauen skikkeleg grilla står fagfolk frå Sau og geitealslaget for grillinga. Gilde Agro stiller kjøt og tilbehør til disposisjon. Det skulle vera ein god garanti for at produktet ein då sel er særst godt.






Julearrangement

«Er det nokon snille barn her»: Ja, hyler barna i kor, og syng: «På låven sitter nissen med sin julegrøt». Denne sangen er å høyra på låa i heile desember. I år var det nærare 1500 store og små som fekk vera med på julanissefest på garden. Her får dei vera med på å mjølka, separera, kinna smør, helsa på dyra, hoppa i høyet og til slutt få skikkeleg risengrynsgraut med sjølv laga smørauga.

Det er ikkje berre born som kosar seg med graut i låa. Museet er heile året utgangspunkt for psykisk utviklingshemma i Hå kommune. Dei går turar til Audamotland, Båden og i Hanabergsmarka og køyrer tur med hest og kjerre. Då er det kjekt når hesten travar og vinden slit i håret. Garden er også full av opplevingar: Sjå på og klappa dyra, vera med å gje kopplamma flaskemjolk.

Dei har eit eige rom i kjellaren på museet som base for dei ulike aktivitetane. Her kan ein kvila seg etter ein lang tur og få servert kaffi, saft og nysteikte lappar.



Museet kan brukast som teaterscene også. Nærbø musikksskole markerte sitt 25 års jubileum med å laga eit Haightusa-program. Ei veke i november 1995 framførde 90 musikksskuleelevar 9 førestillingar for både barn og vaksne.